




Baklåsjuvet naturreservat

Suldal kommune, Rogaland fylke

 Foreslått vernegrense

Målestokk i A4: 1:6 000


Ekvidistanse: 5 m

Koord.sys.: ETRS 1989 UTM sone 32 N

Grunndata: Kartverket, Geovekst og Kommuner

HØYRINGSFORSLAG

Kartproduksjon: Statsforvaltaren i Rogaland, januar 2026



Framlegg til forskrift om vern av Baklåsjuvet naturreservat, Suldal kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon **dato** med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av naturtypen lågurtedellauvskog med innslag av store gamle edellauvtre og osp
- b. inneheld område av trua, sjeldan eller sårbar natur i form av den trua naturtypen lågurtedellauvskog.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Suldal kommune: 103/371 og 173/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 374 daa. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet **dato**. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar avmerkt på vernekartet i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreiding av desse.
- g. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f og § 7 bokstav f.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Statsforvaltaren i Rogaland er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.